



Arkivnr: 2016/34484-1

Saksbehandlar: Beate Bergsholm

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval

Møtedato

Fylkesutval

08.12.2016

## Retningslinjer for styrehonorar i selskap der HFK er deltakar

### Samandrag

Hordaland fylkeskommune er deltakar i ei rekke verksemder med ulike eigarformer. Denne saka gjeld aksjeselskapa kor HFK deltek. Fram til no har det ikkje vore utarbeidd retningslinjer for fastsetting av styrehonorar i selskapa, eller retningslinjer for korleis styremedlem som opptre på vegner av HFK skal forhalde seg til fastsetting og mottak av styrehonorar.

Det er trong til ein gjennomgang og klargjering av korleis styrehonorar fastsettast i desse selskapa.

### Forslag til vedtak

1. Det skal utvisas moderasjon i fastsettinga av styrehonorar i selskap HFK eig, samstundes skal det i varetakast dei krav til kompetanse selskapa har trong til. Bedriftsforsamlingane i selskap kor HFK har aksjemajoritet har eit særleg ansvar for å fastsette relevante styrehonorar.
2. Generalforsamlingsrepresentantar frå fylkeskommunen skal så langt det er mogleg følgje dei retningslinjer som er satt frå fylkestinget når det gjeld fastsetting av styrehonorar.
3. Fylkesordførar og fylkesvaraordførar har godtgjersler som tilsvarar 100% stilling, og kan ikkje motta styrehonorar frå verv dei får i kraft av å vere fylkeskommunens representantar. Det same gjeld andre politikarar eller ansatte i administrasjonen som mottok godtgjersle som tilsvarar 100% stilling.
4. Retningslinjene for styrehonorar bør takast inn i personalreglementet og godtgjerslereglementet for Hordaland fylkeskommunes folkevalde.
5. Fylkesutvalet ber om at det utarbeidas ein kategorisering og gruppering av selskapa som gjev konkrete anbefalingar for fastsetting av styrehonorar.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Fylkesrådmannen, 24.11.2016

## Godtgjersle for styreverv i selskap HFK eig

Styrehonorar fastsettas av generalforsamlinga i selskapa og handsamast kvart år.

Godtgjersla bør reflektere styrets økonomiske og strafferettslige ansvar, i tillegg til kompetanse, tidsbruk og verksemdas kompleksitet. Dette inneber at honorar i selskap som opererer i ein marknad og kor det er betydeleg risiko, bør reflektere dette ansvaret. Generelt bør styreleiar honoreras høgare enn dei andre styremedlemene.

Saka gjeld retningsliner for styrehonorar i selskap Hordaland fylkeskommune (HFK) eig og nokre andre verksemdar der HFK er representert i styret. Saka gjeld i utgangspunktet ikkje stiftingar grunna stiftinganes spesielle juridiske stilling når det gjeld eigarstyring. Det er likevel tilrådeleg at retningslinene følgjas i dei øvste organa i stiftingar HFK deltek i.

I fleire vedtak i fylkestinget er det gjort greie for og vedtatt kompetansekrav for styremedlemene som representerer HFK i ulike selskap.

Samansetninga av selskapsporteføljen gjer at det bør vere ulike vurderingar for dei ulike selskapa. For selskap kor HFK eig 50% eller meir vil både moglegheitene for og trongen til å legge strammare føringar på fastsettinga av styrehonorar, vere sterkare tilstade. I selskap kor HFK eig mindre enn 1/3 (negativt fleirtal) er i realiteten moglegheitene til å avgjerde dette aleine ikkje tilstade, men generalforsamlingsrepresentantane som opptre på vegner av HFK bør følgje dei retningslinene som er vedteke for eigarstyring i HFK.

## Kommunar og andre fylkeskommunar

Fleire kommunar i Hordaland har retningsliner for korleis ein som eigar stiller seg til fastsettinga av styrehonorar. Bergen kommune sitt honorarreglement er det mest omfattande og har vore brukt aktivt i lengre tid.

I Bergen kommune sitt honorarreglement er selskapa satt inn i same grupperingsystem som dei politiske utvala basert på møtefrekvens og arbeidsmengde. Ein viktig forskjell er at bystyrepraesentantar, byråder og politiske sekretærar ikkje kan veljast inn på vegner av kommunen til bedriftsforsamlingar eller i styrene der kommunen har eigarinteresser, og dette uavhengig av kommunens eigarandel.

Bergen kommune sine eigarskap skil seg frå HFK sine selskap på nokre viktige punkt som gjer at systemet ikkje lar seg kopiere, men i ein ny eigarskapsmelding for HFK bør det sjåast på ein kategorisering av selskapa som og gjev føringar for fastsetting av styrehonorar.

## Tidligare vedtak i Hordaland FK

Gjennom eigarskapsmeldingar og andre vedtak ligg det føringar på korleis eigarskapsrolla skal utøvas.

HFK har i si eigarstyring lagt KS sine 19 tilrådingar for kommunalt eigarskap til grunn og er vedteke i eigarskapsmeldingane.

I sak 17/2015 Eigarskapsforvaltning – styrepraesentasjon og kompetanse vedtok fylkestinget regelverk for rekruttering av styremedlem og utøvelse av styreverv.

I saka er det vedteke klare krav til kompetanse og utøvelse av styreverva. I tillegg seier vedtaket:

«fylkesadministrasjonen må leggja til rette for at det vert gitt relevant opplæring til alle styremedlemene valde av fylkeskommunen og styremedlemene med fylkeskommunal aksjemajoritet»

Krava til kompetanse for styremedlemene må sjåast i samanheng med fastsetting av styrehonorar i selskapa. Til dømes vil det å hente inn ekstern kompetanse i styrene innan særlege fagområde som økonomi og jus, normalt ha ei kostnadsside for selskapa. Det er styret i selskapet som til ein kvar tid må vurdere kva for kompetanse styret har trong til, og som fremjar forslag til generalforsamlinga om vedtak der det er naudsynt.

Samstundes oppfordras det til at styrene i selskap kor HFK har aksjemajoritet følgjer dei retningslinjer som her er gjedd.

## Selskapsporteføljen

Nesten alle selskaps der fylkeskommunen er deltakar, har eit samfunnsmessig føremål. Sjå oversikten under for detaljar om selskapa.

Selskap, stifting m.v.	Eigardel	styrehonorar	§80 kml
Askøy bompengeselskap AS		Styreleiar kr 47230, styremedlem kr 31490, varamedlem kr 1500 per møte	ja
Hardanger AKS			ja
Austevoll Bruselskap AS	51,00 %	Styreleiar: 12 000. Nestleiar 6000 kr. Styremedlem 2500 kr Møtegodtgjersle 700 kr pr møte	ja
Beredt AS	100 %	Styreleiar: 45000 + møtegodtgjersle. Nestleiar: 25000 + møtegodtgjersle. Øvrige styremedlem 18 000 + møtegodtgjersle	ja
Bergen bompengeselskap AS	100,00 %	Totalt styrehonorar eks arbeidsgiv. avg 141 700 kr	ja
Bergen-Os Bompengeselskap AS	52,00 %	Ikkje angitt i protokollen. Eiget framlegg frå styret	ja
Business Region Bergen AS	35	2014: Styreleiar: 100 000 kr, nestleiar 75 000 kr, styremedlem 50 000 kr (reduert med 20% frå 2015)	ja
Bybanen AS	100 %	styreleiar: 90 000 kr, nestleiar kr 45 000, styremedlem 30 000 kr	ja
Bystasjonen AS	100,00 %		ja
Bømlo vegselskap AS	53,30 %	Styreleiar: 60 000 kr, nestleiar kr 35 000, styremedlem 25 000, varamedlem 2000 kr pr deltatt møte	ja
Fastlandsamband Halsnøy AS	52,60 %		ja

Grieghallen IKS	50,00 %	Eksterne styrerepresentanter honoreres etter Bergen kommunes honorarreglement gruppe 3. Arbeidende styreleder honoreres med 100 000 kr for 2013	ja
Hardangerbrua AS	53 %	Styreleiar 50 000 kr, styremedlem 2000 kr per møte	ja
HFK Bussanlegg AS	100,00 %		ja
Hordaland Teater LL	60,00 %	Styreleiar: 52 000 kr Nestleiar 26000 kr. Honorar per møte 1200 kr. Honorar styremedlem per møte 1200 kr	ja
Jondalstunnelen AS	52,00 %	Styreleiar 25 000 kr + tapt arbeidsforteneste, styremedlem kr 7500 + tapt arbeidsforteneste, varamedlem kr 1500 pr møte + tapt arbeidsforteneste	ja
Kvam bompengeselskap AS	53,3	Styreleiar: kr 50 000, nestleiar kr 25 000, styremedlem kr 15 000, varamedlem kr 2000 per møte	ja
Moster Amfi- og Kyrkjehistoriske Senter AS	50 %		ja
Nordhordlandspakken AS	40	Styreleiar: 25 000 kr, nestleiar kr 15 000, styremedlem kr 10 000, varamedlem kr 1500 per møte	ja
Odda Vegfinans AS	52 %	Styreleiar: kr 15 000, styremedlem kr 6250, per møte for varamedlem 1000 kr	ja
Valen kraftverk AS	100 %		ja
Vestnorsk Filmsenter A/S			ja
Voss og omland bompengeselskap AS		Styreleiar kr 50 000, nestleiar kr 25 000, medlem kr 18 000	ja
A/L Vikafjellsvegen	20 %		nei
A/S Den Nationale Scene		Leiar: 105 000,- nestleiar: 60 000,- Resten av Styret mottar honorar i samsvar med statens satsar.	nei
AS Strandgaten 196	33 %	Leiar: 18 000,- Styremedlem: 9000.- Møtande varamedlem 2500 pr møte	nei
Atheno AS	8,9	Styreleiar: 60000,- + 2000 ,- pr møte. Styremedlem kr 8000,-	nei
Bergen Vitensenter AS	19 %	Totalt styrehonorar 71 000 kr	nei
Biblioteksentralen AL	0,80 %		nei
BKK AS (2 repr )	0,00 %	Styreleiar: 210 000 kr. Nestleiar: 140 000 kr. Styremedlem: 116 000 kr. Varamedlem: 4000 kr pr møte.	nei

Carte Blanche AS	15 %	2013: Styreleiar: 63 500 kr, nestleiar 32 500, styremedlem 3300 kr per møte. Tillegg på 5% frå 2015	nei
E134 Haukelivegen AS	3 %	Styreleiar: 15 000 kr, styremedlem 6250 kr, varamedlem per møte kr 1000	nei
Fjord Norge AS	9 %	Styreleiar: 53475 kr, styremedlem kr 3743 per møte	nei
Gulen og Masfjorden Utvikling AS	9,70 %	Styreleiar 20 000 kr, styremedlem 15 000 kr (Styremedlem frå Gulen og Masfjorden avstår frå styrehonorar)	nei
Kommunekraft AS	0,3		nei
Kveik AS (Voss Bedriftservice A/S)	25,50 %	Styreleiar: 71 000 kr, styremedlem kr 24 000	nei
Nordhordland Industriservice a.s.	17,70 %		nei
Norheimsund Industrier AS <b>SJÅ HARDANGER AKS</b>			nei
Opero AS	16,60 %	Styreleiar: kr 34500 + møtegodtgjersle, nestleiar kr 17 000, styremedlem kr 4000 per møte	nei
Sarsia Development AS	1,60 %		nei
Sunnhordland Lufthavn A/S	21 %	Styreleiar kr 86400, styremedlem kr 15 000, varamedlem kr 1500	nei